



# Plan for å sikra elevane eit godt psykososialt miljø ved Rubbestadneset skule

---

## **1.0 Plan for å sikre elevane eit godt og trygt miljø**

Opplæringslova kap. 9A handlar om elevane sitt skulemiljø.

*§ 9A-2: "Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring".*

Lova skal sikre at elevane sin subjektive oppleving av dei mellommenneskelege forholda, relasjonar mellom kvarandre og mellom elev og vaksen i skulemiljøet blir ivareteke i skulekvardagen. Det vil seie at elevane ved Rubbestadneset skule og på SFO, ikkje skal bli utsett for krenkjande ord eller haldningar som mobbing, diskriminering, vald, rasisme, utestenging, isolering eller baksnakking, på skulen og på skulevegen. Her gjeld nulltoleranse.

Planen for å sikre elevane eit trygt og sosialt miljø tek difor for seg førebyggjande tiltak, avdekking, handtering og sanksjonar. Såleis vil planen erstatte/vidareføre tidlegare "Handlingsplan mot mobbing". Samstundes må planen sjåast på som ein del av heilskapen i "Handlingsplan for betre læringsmiljø" for Rubbestadneset skule.

### *1.1 Digital mobbing*

Er ein ny og krevjande utfordring, mellom anna fordi mobbaren/mobbarane kan vere meir anonym. Det kan vere vanskeleg å stoppe denne type mobbing sidan ein ikkje alltid veit kven mobbaren/mobbarane er. Mobbing som i starten kan virke å ikkje tyde noko, kan få langt større konsekvensar når det skjer på nett. Alvorleg nettmobbing kan ein melde til politiet. Er innhaldet relatert til elevar på skulen, skal ein kontakte skulen som saman med føresette handsamar saka, eventuelt melder saka vidare til politiet. Nettmobbing blir omhandla i skulen sitt IKT- reglement.

### *1.2 Krenkingar*

Omgrepet krenkingar skal tolkast vidt. Det kan vere direkte handlingar og verbale uttrykk retta mot eleven, men òg meir indirekte krenking som utestenging, isolering og baksnakking.

## 2.0 FØREBYGGING

### § 9A-3: Nulltoleranse og systematisk arbeid

*”Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.*

*Skulen skal arbeide kontinuerlig og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitelet blir oppfylt. Rektor har ansvar for at dette blir gjort.»*

Tiltak nemnd tidlegare i denne planen er viktig i dette arbeidet. Utdanningsdirektoratet sitt forskningsbaserte materiell for heilskapleg arbeid med læringsmiljøet ligg òg som basis og er retningsgivande for arbeidet med prosjektet ”Betre læringsmiljø” og er vårt utgangspunkt for iverksetjing av førebyggjande tiltak. Materialet omfattar følgjande områder:

- 1: Lærarens evne til å lede klasser og undervisningsforløp
- 2: Positive relasjonar mellom elev og lærar
- 3: Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane
- 4: Godt samarbeid mellom skule og heim
- 5: God leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen

Sosiallærar ved skulen arbeider førebyggjande gjennom Trivselseiarordninga og andre tiltak, t.d. oppfølging av saker og einskildelevar, gruppe av elevar og i tillegg observasjonar og undersøkingar.

Helsesøster ved skulen har ei viktig oppgåve i å lytte til barn og unge, observere/undersøke og melde til skulen saker ho får inn.

Vidare har me blitt samde om at alle kan bidra ved å:

Elevar	Skulen/tilsette	Foreldre/føresette
Syte for at du tenkjer godt om andre når du er åleine og når du er saman med andre.	Kontinuerleg og aktivt klassemiljøarbeid og arbeid for å skape gode relasjonar mellom tilsette-elev, elev-elev.	Stette opp under, og vidareutvikle samarbeid heim/skule.  Formelle og uformelle samtalar heim/skule.

<p>Vere med å styrkje sjølvbilete og sjølvkjensla til medelevar.</p> <p>Vise kvarandre respekt og omsorg.</p> <p>Vise god framferd og språkbruk.</p> <p>Vise nulltoleranse for mobbing i elevmiljøet, på skulen og på skulevegen.</p> <p>Systematisk arbeid gjennom elevrådet.</p>	<p>Hyppige elevsamtalar.</p> <p>Tydeleg klasseleiing/synlege lærarar.</p> <p>Ta hendingar og signal frå elevar og føresette på alvor.</p> <p>Vise kvarandre respekt og omsorg.</p> <p>Vere tydeleg vakt for elevane i friminutta.</p> <p>Mobbing skal vere eit tema med jamne mellomrom i klassane og på foreldremøte.</p> <p>Følgje opp ord med handling.</p> <p>Nytte materiale som skulen har blitt samd om å bruke, som t.d. "Det er ditt val" .</p>	<p>Vere eit førebilete.</p> <p>Samtale om mobbing og korleis ein har det på skulen/skulevegen med elevane heime.</p> <p>Vere inkluderande overfor heile klassemiljøet i samband med t.d. bursdagsselskap. osb.</p> <p>Gi støtte og tryggleik – lytt!</p> <p>Følgje opp ord med handling.</p> <p>Ha mobbing og trivsel som tema på foreldremøte.</p> <p>Vise interesse og snakke positivt om skulen.</p>
--	--	---

Skulereglementet skal gjerast kjent for alle (tilsette, elevar og foreldre) ved skulestart kvart år.

Inspeksjonsrutinar skal gjennomgåast med personalet og i Skulemiljøutvalet kvart skuleår.

### 3.0 AVDEKKING OG HANDTERING:

*§ 9A-4: Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø.*

Alle som arbeider i skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka. Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skulen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå:

- a. Kva problem tiltaka skal løyse.
- b. Kva tiltak skulen har planlagt.
- c. Når tiltaka skal gjennomførast.
- d. Kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka.
- e. Når tiltaka skal evaluerast. Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

Det betyr at alle tilsette ved skulen skal /har plikt til:

- å følgje med
- gripe inn
- varsle rektor (Helst skriftleg ved å bruke skulemiljøknappen)

Vidare skal rektor :

- undersøkje
- setje inn tiltak

Ein skal alltid få fram eleven sin subjektive oppleving av situasjonen. Tiltak skal dokumenterast skriftleg.

Rutinar for avdekking ved skulen vår:

Oppgåve	Ansvar for oppfølging
Elevsamtale 2 g. pr. år. «Funn» skal rapporterast til rektor.	Kontaktlærer/ rektor
Elevundersøking kvar haust på 5.-7. trinn.	Kontaktlærer/ rektor
Foreldresamtale 2 g pr. år. «Funn» skal rapporterast til rektor.	Kontaktlærer/ rektor
Gjennom vaktordning og trivselsleiarordning i friminutta.	Alle tilsette/ rektor
Gjennom kampanjeveke/dag, kvar haust.	Alle tilsette/ rektor
Gjennom å ha § 9a i Opplæringslova som tema i personalet, klassemøter, elevråd, FAU, SMU.	Alle tilsette/ rektor
Gjennom bruk av SKULEMILJØKNAPPEN	Alle tilsette/ rektor, elevar og foreldre

Elevar og foreldre skal alltid oppleve å bli teke på alvor når dei kjem med bekymring om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handling. Skulen har ansvar for å setje inn tiltak for å stoppe denne type handling.

Elevar og foreldre som har opplevd å bli utsett for, eller sjølv har utsett andre for krenkjande ord eller handlingar, skal vite at dei blir fylgt opp av skulen etter at tiltaka er sett i verk. Rektor har det overordna ansvar for at desse sakene blir fylgt opp. Skulen skal sikre at sakshandsaming og oppfølging er i tråd med lover og forskrifter.

#### METODIKK/REKKJEFØLGJE VED OBSERVASJON AV KRENKJANDE ÅTFERD:

	Oppgåve:	Ansvar:	Dokumentasjon :
1.	Opprette aktivitetsplan.	Rektor	
2.	Undersøking og observasjon, umiddelbart.	Den som oppdagar det/ skuleleiinga	Skulemiljø- knappen

3.	<p>Samtale med den som opplever seg krenka/mobba:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Lat eleven fortelje, men ikkje presse (sikre at eleven si subjektive oppfatning kjem fram).</li> <li>- Informere om kva som kjem til å skje.</li> <li>- Dersom det er aktuelt informere om/ gjere avtale med alle elevane som er involvert.</li> <li>- Gjere avtale om ny samtale for oppfølging.</li> </ul>	Kontaktlærer/skuleleiinga /sosiallærer	Aktivitetsplan
4.	<p>Samtale med elev/elevlar som krenkjer / mobbar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Dersom fleire deltek, ha samtale med ein og ein elev.</li> <li>- Fortelje om det ein veit.</li> <li>- Gje eleven mogelegheit for å uttale seg.</li> <li>- Få fram at åtferda er uakseptabel og at saka blir fylgt opp og korleis ho blir fylgt opp.</li> <li>- Dersom det er aktuelt informere om/ gjere avtale med alle elevane som er involvert.</li> <li>- Gjere avtale om ny samtale for oppfølging.</li> </ul>	Kontaktlærer /skuleleiinga /sosiallærer	Aktivitetsplan
5.	<p>Eventuelt samtale med føresette til eleven som opplever seg krenka/mobba.</p> <p>Skulen skal legge til rette for eit godt samarbeid med heimen om eventuelle tiltak som skal/bør gjerast.</p>	Kontaktlærer/ skuleleiinga /sosiallærer	Aktivitetsplan
6.	<p>Eventuelt samtale med føresette til eleven/elevane som har krenka/mobba.</p> <p>Skulen skal legge til rette for eit godt samarbeid med heimen om eventuelle tiltak som skal/bør gjerast.</p>	Kontaktlærer/ skuleleiinga /sosiallærer	Aktivitetsplan

7.	Rektor si vurdering etter fakta innhenting. Vidare utarbeiding av tiltak. Saka kan leggjast fram i sosialpedagogisk team på skulen.	Rektor	Aktivitetsplan i elevmappa/ ePhorte
8.	Evaluering av tiltak.  Her kan det vere aktuelt med ny aktivitetsplan.	Rektor /skuleleiinga	Referat i elevmappa/ ePhorte

## **SANKSJONAR**

Blir eventuelt konkretisert i tiltak. Sanksjonar skal vere i samsvar med Bømlo kommune/Rubbestadneset skule sitt skulereglement.

Det kan vere:

- Irettesetting og tilsnakk
- Munnleg- / skriftleg melding heim
- Inndraging av utstyr t.d. mobilar og leikar som uroar og blir brukt utan løyve, for ein skuledag
- Alternativ aktivitet/undervisning
- Bortvising

## **4.0 KONTINUERLIG OG SYSTEMATISK ARBEID**

Med kontinuerleg meiner me at arbeidet skal vere gjennomgåande gjennom heile skuleåret i alt arbeid me driv med. Systematisk betyr at det skal vere gjennomtenkt og plan messig.

Skuleleiinga har ansvar for den daglege oppfølginga av det systematiske arbeidet. Alle tilsette har plikt til å følgje opp arbeidet etter dei retningslinjer som her er sett.



Skulen har følgjande rutinar for det kontinuerlige og systematiske arbeidet.

Tid:	Tiltak:	For kven:	Ansvar:	Gjennomført:
August, ved skulestart	Gjennomgang av § 9A	Personalet, elevar, foreldre	Rektor (skuleleiinga) kontaktlærer	
August	Gjennomgang av "Handlingsplan for betre læringsmiljø" med fokus på: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulereglementet</li> <li>• § 9A- i Opplæringslova og skulen sine rutinar</li> <li>• Vaktordning i friminutta</li> <li>• Standard for ei god undervisningsøkt</li> <li>• Sosiale mål</li> <li>• Faste tema for foreldremøte, haust</li> </ul>	Personalet, elevar, foreldre	Rektor (skuleleiinga) kontaktlærer	
September	Redigering og utfylling av årshjul og plan for sosiale hendingar.  Kampanjeveke/dag for antimobbing.	Personalet, elevar, foreldre	Skuleleiinga/ FAU	
Oktober	Gjennomføring av elevundersøkinga.	Elevane på 5.-7. trinn	Kontaktlærer /  Rektor	
Januar	Bearbeide og drøfte resultatane frå elevundersøkinga.	Personalet, elevrådet, i klassane, på	Rektor	

		foreldremøte, i FAU og SU		
Mars	Evaluering og eventuell redigering av "Handlingsplan for bedre læringsmiljø" / det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet.	Personalet/ plangruppa/ SU	Skuleleiinga	
November og April	Samtale/drøfting etter elevsamtale og foreldresamtaler.	Kontaktlærer/ Rektor	Kontaktlærer / Rektor	
Mai	Eventuelt gjennomføre ny elevundersøking/anna undersøking for å sjekke om tiltak satt inn etter førre elevundersøking har gjeve resultat.	Kontaktlærer/ rektor/sosialærar		
Kontinuerleg	Refleksjon og bevisstgjerung rundt § 9A og krenkjande åtferd.	Personalet, elevane/ foreldra/FAU og SU/SMU	Kontaktlærer / Rektor (skuleleiinga)	